

**Fra:** haldis.johanne.okland.lier@helse-fonna.no

**Sendt:** 20.09.2016 08:37:11

**Til:** Helse Vest, Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** innspel til høyring - Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater

**Vedlegg:**

Haugesund 20.09.2016

Til

Helse Vest RHF

v/Pål Iden, Assisterende fagdirektør

Dykkar ref: 2016/3028 - 19477/2016

Vår ref: 2016/2188-2

### **Innspel til høyring – Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater**

Vi viser til brev/epost dagsett 07.07.2016. Helse Fonna har hatt rapporten «Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater» oppe til drøfting mellom fagdirektør, forskingsleiar, forskarar og forskingsadministrativt tilsette i føretaket. Helse Fonna gir støtte til dei foreslåtte nasjonale retningslinjene i [Del 1: Nasjonale mål og retningslinjer](#).

Helse Fonna har kommentarar og innspel til følgjande punkt i [Del 2: Tiltak og forutsetningar](#):

#### *Innføring av insentiv for å velge åpen publisering*

Forskarar i Helse Fonna har erfaring med at få/ingen tidskrift på nivå 2 i deira fagfelt er «open access», og meiner at ei innføring av insentiv for å velge «open access» ikkje vil harmonere med at forskarar skal velge tidskrift etter faglege kriterier. Innføring av ein eigen faktor for open access i publiseringsindikatoren vil gje større økonomisk uttelling for miljø som publiserer på nivå 1. Når ein i tillegg har ein så brei, variert kategori som nivå 1 er per i dag, blir dette oppfatta som uheldig. Helse Fonna er ikkje ueinig i behovet for eit insentiv for å velge open access, men meiner rapporten synleggjer eit behov for å gjennomgå klassifiseringane av tidskrift opp mot publiseringsindikatoren for å unngå risiko for «premiering» av publisering i mindre høgt rangerte tidskrift.

#### *Finansiering av åpen tilgang*

Helse Fonna gir støtte til utvikling av finansieringsordningar for publiseringskostnader for å unngå at den enkelte forskar må dekke dette.

#### *Deponering i vitenarkiv*

Helse Fonna støttar arbeidsgruppa si anbefaling om å etablere eit felles nasjonalt vitenarkiv, og at betring av funksjonalitet for deponering er avgjerande.

#### *Styrking av register over godkjente kanalar og forlag*

Eit slikt register er etter vår mening særst viktig for å sikre god kvalitet på forskning, og vi støttar arbeidsgruppa sitt forslag om å styrke dette arbeidet.

Ei generell styrking av forskingsadministrativ infrastruktur som følger opp tiltak og implementering av desse i praksis er viktig i arbeidet med å gjere forskingsresultat tilgjengelege.

Helse Fonna har ikkje ytterlegare kommentarar til [Del 3: Bakgrunn og drøfting](#).

Tidsperpektivet for utvikling av praktiske løysingar er langt, og i Helse Fonna ser vi behovet for å finne løysingar for mellomperioden. Rapporten synleggjer ein del utfordringar for dei lokale helseføretaka, og peiker etter vår mening på viktigheten av eit regionalt samarbeid på forskingsinfrastruktur og forskingsadministrasjon.

Helse Fonna meiner det trengs ei drøfting av korleis ein løysar overgangen til open publisering i Helse Vest. Kva rolle får Helse Vest (gjennom t.d. Kompetansenter for klinisk forskning og i finansiering), og kva blir opp til dei lokale helseføretaka å løyse? Punkter vi ser det er særskilt viktig å samarbeide omkring er:

1. Regionale retningslinjer for open publisering.
2. Finansiering av publiseringskostnadane.
3. Vitenarkiv: skal vi ha felles regionalt vitenarkiv? Kven forhandlar med forlaga?

Kostnader for publisering i open access vil utgjere ein betydeleg del av forskingsmidlane i eit føretak. Når trenden òg viser at dei søkbare forskningsmidlane i stor grad går til dei større forskingsmiljøa, og det er vanskeleg å nå opp i kampen om midlar, vil dette for eit mindre føretak bety at lite av midlane frå RBO-ordninga vil kome føretaket til gode. Eit regionalt samarbeid på forskingsinfrastruktur vil vera av stor betydning for at mindre helseføretak klarar å oppretthalda kjerneverksemda forskning.

Med vennleg helsing

Haldis Ø. Lier

Fagdirektør, Helse Fonna, HF